

Jørgen Martin Herland
Litlåsvegen 21
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/964 - 21/40569

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
14.06.2021

Orientering om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 126/39 Hope

Vi viser til søknad om dispensasjon frå arealføremålet bruk og vern av sjø og vassdrag og plan- og bygningslova § 1-8 for oppføring av kai på nausttomt med eksisterande naust.

Søknaden vart behandla i Utval for areal, plan og miljø i møte 09.06.2021 i sak 083/21, der følgjande vedtak vart fatta:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 (det generelle byggeforbodet i strandsona) og § 11-6 (rettsverknad av kommunedelplan) for oppføring av kai på eksisterande bygd nausttomt på gbnr 126/39 som omsøkt.

Grunngjevinga for vedtaket er:

Kaien vert lagt over eksisterande steinfylling og har ei breidde på 2,5 meter og ei lengd på 12 meter, og skal utførast med bjelkelag med toppdekke og frontskjørt i tre. Det vil difor bli ein heilskapeleg front mot sjø som vil dempa den skjemmande steinfyllinga.

Vidare vil tiltaket liggja på djupnekote 0,5 – 1 meter under sjøkartnull, og det skal ikkje utførast sprengingsarbeid eller større borearbeid. Kaien skal fundamenteras med 4 betongsøyler som er festa med forskalingsjern som er bora ned i fjell/stein.

Tiltaket vert ikkje omfatta av verneforskriftene knytt til forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Naustet ligg i området merka S4 i reguleringssplan Hope 1263-19062003, området er avsett til småbåtanlegg og naust. Kaien er viktig for at naustet skal bli funksjonelt, sidan det er steinfylling på utsida. Det er i dag ikkje tilkomst til eksisterande naust frå sjø og difor er kaien viktig for tryggleiken til brukarane. Det er viktig med kai langs heile naustet for å kunne utføra naudsynt vedlikehald på dette i framtida.

Utval for areal, plan og miljø meiner at omsynet bak føresegna det dispenserast frå og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette i denne saka, og at fordelane

ved å gje dispensasjon på denne staden for omsøkt tiltak vil vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Saksutgreiing med vedtak følgjer vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå pbl. § 1-8 og arealføremålet bruk og vern av sjø og vassdrag for oppføring av kai ved eksisterande naust - gbnr 126/39 Hope

Oppdatert Ettrinnsøknad

Opplysninger ytre rammer - oppdatert

Vedlegg B Dispensasjon

Vedlegg F Redegjørelse

Oppdatert situasjonsplan

Skisse kai

Foto - vedlegg1.jpg

Foto - vedlegg2.jpg

Foto - vedlegg3.jpg

Uttale vedr - Oversender søknad om dispensasjon til uttale/behandling etter særlov - gbnr 126/39
Hope, Alver kommune

Uttale - Alver - gbnr 126/39 Hope - kai ved eksisterande naust - dispensasjon

Mottakarar:

Jørgen Martin Herland
Søreide Bygg AS

Litlåsvegen 21
Hopsvågen 91A

5955 LINDÅS
5955 LINDÅS